LINDÅS KOMMUNE
Knarvik ungdomsskule

Elevrådsrepresentant Eline Ramslien (8A) (vara)

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Olaf Michal Hella | 13.01.2017 |
| Vår: 16/2376 - 17/1149 | Olaf.Hella@lindas.kommune.no | |

# Referat frå møte i samarbeidsutvalet 12.1.2017

**Til stades:**

Trine Holsen

Ann Kristin Legernes

Eline Ramslien

Mari Scott

Marianne Bjordal

Ingeborg Witsø

Olaf Hella

**Fråverande:**

Leif Sleire

Emilie Menzoni

**Saker:**

**Sak 07/2016-17 Godkjenning av innkalling og referat**
Godkjent

**Sak 08/2016-17 Resultat elevundersøkinga**
Resultata er positive. Det er noko usikkeheit rundt indikatoren mobbing i skulen då denne er ny. Mange av indikatorane viser framgang.

**Sak 09/2016-17 Status økonomi**
Rektor orienterte om at det ser ut til å gå mot eit undeskot dette året. Dette skuldast i hovedsak at det er mange nye minoritetsspråklege elevar som krev ein del ekstra midlar.

**Sak 10/2016-17 Status trafikksituasjonen**
Rektor har hatt kontakt med Arne Eikefet om trafikksituasjonen på FV57 om morgonen. Det er sendt eit brev der rektor uttrykker uro for situasjonen og at ein må sjå på tiltak for å skape tryggleik for elevane.

**Sak 11/2016-17 Områdeplan Lonena**

FAU har laga uttale som vert sendt inn. Su meiner ein må sjå på trafikksituasjonen og sikre vidare undervisningsarenaer i området i og rundt Lonena. Ein må i denne samanhengen sjå på friluftsliv, kroppsøving, naturfaglege tema samt miljøperspektiv. Vidare planprogram må ta inn over seg konsekvensar dette får i forhold til overnemnde tema. Samarbeidsutvalet sender brev saman med FAU til høyringa.

**Sak 12/2016-17 Ymse**

## Etterpå vert det møte i skulemiljøutvalet (SMU)

**Sak 03/2016-17 Godkjenning av innkalling og referat**
Godkjent

**Sak 042016-17 Elevmiljøet - Elevundersøkinga**
Ein såg på tiltak i samband med elevundersøkinga. Skulen ser for seg at ein må fortsetje å ha fokus på yrkesrettleiing og motivasjon. Ein bør vidare sjå korleis ein kan arbeide med vurdering for læring. Samarbeidet mellom skulen og heimen bør styrkast, slik at foreldra kan hjelpe eleven i læringa.

Det vert rapportert om at lærarane har ulike grenser for mobilbruk. Viktig at lærarane handhever reglane.
Har vore ein del støy inne i gangane, dette er litt betre enn det var.
Foreldra bør informerast og kan hjelpe i arbeidet med åtferd.

**Sak 05/2016-17 Ymse**
Det er er eit sterkt ønskje om at ein legg fag der ein flyttar undervisninga til første eller siste time.

Med helsing

Olaf Michal Hella
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**
Elevrådsrepresentant Eline Ramslien (8A) (vara)
Elevrådsrepresentant Emilie D. Mentzoni (10C)
Elevrådsrepresentant Simon R. Lie (9A)
Foreldrerepresentant Ann Kristin Legernes
Foreldrerepresentant Trine Holsen
Foreldrerepresentant Veslemøy Amundsen Høvig (vara)
Kommunal representant Leif Hosøy Sleire
Lærarrepresentant Mari Solberg Scott
Lærarrepresentant Marianne Bjordal
Representant frå andre tilsette Ingeborg Witsø
SU-perm